

# REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I LEIKARRINGEN I BONDEUNGDOMSLAGET I OSLO

*I Lagsrommet i Rosenkrantz' gate 8  
Tysdag 28. februar 2023 KL. 19:00*

*Tilstades på møtet var 18 personar (2 digitalt). Fra sak 2, 19 personar. Fra sak 5, 21 personer. Alle hadde røysterett.*

*Skrivar: Herborg Oma*

## **SAK 1 – OPNING AV MØTET**

### **1.1 Godkjenning av innkalling og saksliste**

*Vedtak: Innkalling og saksliste godkjent.*

### **1.2 Val av møteleiar**

*Vedtak: Torbjørn B. Lauen vald til møteleiar.*

### **1.3 Val av skrivar**

*Vedtak: Herborg Oma vald til skrivar.*

### **1.4 Val av to til å skrive under møteboka**

*Vedtak: Anne Cathrine Johansen og Nikolai Storevik vald til å skrive under møteboka.*

### **1.5 Val av teljekorps**

*Vedtak: Anbjørg Myhra Bergwitz og Erik Hestnes vald til teljekorps.*

## **SAK 2 – ÅRSMELDINGAR**

### **2.1 Melding frå Styret i Leikarringen**

*Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge, Runhild Heggem, Anne Cathrine Johansen, Simon Hesselberg Løvald, Anbjørg Myhra Bergwitz, Tone Ingvaldsen, Synnøve Bryde, Elise Thomassen*

*Meldinga vart presentert av leiar Torbjørn Lauen.*

*Kommentarar:*

- Runhild takka for støtte.*
- Audun utdyper situasjonen med Bulder og Brak.*
- Tone Ingvaldsen utdypar situasjonen med TrøBul.*
- Anbjørg har vært instrktør hausten 2022.*
- Anbjørg rettet opp i feil på instruktør i haust*
- Hulda Garborg arrangement ønskes lagt inn i arrangementer på årsmeldinga*
- Oppmøtetall frå Myretrilløvingane*

- *Bra jobba styret frå Audun*

## **2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen**

Meldinga vart presentert av Anbjørg.

## **2.3 Melding frå Bunadsnemnda**

Meldinga vart presentert av Anne Cathrine Johansen.

## **2.4 Andre særskilde meldingar**

Meldinga vart presentert av Synnøve og Elise for Myretrill.

*Vedtak: Årsmøte vedtok meldingane slik dei er lagt fram.*

## **SAK 3 – REKNESKAP OG BALANSE 2022**

*Desse hadde ordet i saka: Torbjørn Lauen, Anbjørg Bergwitz, Gunnvald Grønnevik, Gunnar Rogneflåten*

*Rekneskap og balanse vart lagt fram av kasserar Simon Hesselberg Løvald.*

### **Kommentarar:**

- To personar forlot møtet underveis i deler av presentasjonen.
- Kommetarar frå Torbjørn og Anbjørg om medlemsmerkane, om dei gis ut eller kan kjøpes
- Anbjørg og Torbjørn rosar kasserar Simon.
- LR får eigen balansekonto til neste år
- Gunvald spør om feriepenger til lønnsmotakarar, styret sjekker dette med lagskontoret
- Gunnar: Hvorfor er 7770 positiv? Simon oppklarer.

*Vedtak: Rekneskapen og balansen for 2022 blei vedteke slik dei vart lagt fram, med atterhald om endringar ifm. revisjon av BUL (hovudlaget) sitt rekneskap.*

## **SAK 4 – ARBEIDSPLAN 2023**

*Desse hadde ordet i saka: Anbjørg Myhra Bergwitz, Hallvard Øfstaas, Gunnvald Grønnevik, Audun Grüner-Hegge, Erik Hestnes, Anne Cathrine Johansen, Synnøve Bryde, Gunnar Rogneflåten*

*Arbeidsplanane for 2023 vart lagt fram leiar Torbjørn Lauen.*

### **Kommentarar:**

- *Oppfordrer medlemmer til å hjelpe til med 100-årsjubileet til BLS.*

- Audun lurer på hvorfor jubileet skal holdes i Rosenkrantzgate. Torbjørn svarer.
- Tillegg til planene: Erik tar opp Nordlek Arendal (prosjekt, turdans, rekke-danser) Nordisk Ball Stavanger. Arrangement 27.august, dagskurs med turdanser/historisk dans fra ulike nordiske nasjoner. Mer info på hjemmesiden til NU.
- Anne Cathrine informerer at man kan bruke BUL-hyttene til kurs.
- Synnøve lurer på kor ein kan sende inn innspill til danseoppdrag. Torbjørn svarer.
- Innspill til danseoppdrag: Facebookchat – interesserte i danseoppdrag
- Anbjørg tar opp problemstillingen angående danseoppdrag, finne flere måter og nå ut til medlemmene
- Eiga punkt om spesifikke arrangementer, Gunnar sendar liste over arrangementer til styret.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes planane for 2023. Styret tek innspela som er nemnt over til atterhald.

#### **SAK 5 – MEDLEMSPENGAR 2024**

Desse hadde ordet i saka: Synnøve Bryde, Audun Grüner-Hegge, Gunnar Rogneflåten, Anbjørg Myhra Bergwitz

Saka vart presentert av leiar Torbjørn Lauen.

Kommentarar:

- Spørsmål angående innbetaling etter 1.juli. Torbjørn svarer.
- Spørsmål angående lønnsomheten ved økning av medlemspenger
- Medlemsfordeler

Vedtak: Årsmøtet vedtok at medlemspengane for 2024 blir sett til kr. 300,-  
Dette kjem i tillegg til medlemsavgift til hovudlaget.

Ikkje-medlemmar kan delta på øvingar i Leikarringen mot ein fotskatt på kr. 50,- pr. gang.

#### **SAK 6 – BUDSJETT 2023**

Desse hadde ordet i saka: Anbjørg Myhra Bergwitz, Anne Cathrine Johansen, Erik Hestnes, Gunnvald Grønnvik, Gunnar Rogneflåten, Synnøve Bryde, Nikolai Storevik, Runhild Heggem, Tone Ingvaldsen

Budsjettet vart lagt fram av kasserar Simon Hesselberg Løvald.

Kommentarar:

- Stryke kr. 1600 på 7793, Kven Veit skal dekkes av Hovudlaget
- Spørsmål om 7730, grunnen til budsjettet. Torbjørn og Simon svarer.
- 7715 til 6860
- Spørsmål rundt penger på bok. Ønsker innspill til bruk av penger
- Synnøve forslår øke reisestøtte til medlemmer.
- Nikolai foreslår honorar til ansvar for oppdrag
- Tone foreslår instruktører til Myretrill
- Innspill fra Anbjørg, må øke budsjett for å øke utgifter
- Søknad om å bestille inn bunadsutstyr
- Spørsmål angående Rådeveldet, hva pengene skal brukes til.

Forslag til vedtak:

- Auke 7110 til 30.000 kroner ( Anbjørg)
- Auke 3010 til 45.000 kroner (Audun)
- Auke 6550 til 20.000 kroner (Runhild)
- Auke 5315 til 120.000 kroner (Tone)
- Stryke sum: 1.600kr på 7793

*Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2023, med nemnte endringar.*

## **SAK 7 – ENDRING AV LOVER OG STYRINGSFØRESEGN**

### **Sak 7.1 Endring av lova §4 – Styret**

*Desse hadde ordet i saka: Anbjørg, Nikolai*

*Saka vart lagt fram av leiar Torbjørn Lauen.*

*Kommentarar:*

- Spørsmål angående øking av styremedlemmer

*Vedtak: Årsmøtet vedtok at Leikarringen utvider sitt styre med ein fast styremedlem. Vedtaket trer i kraft frå dato for vedtaket, slik at ein vel leiar, fire styremedlemmer og to varamedlemmer på årsmøtet 2023. For å gjere dette, vert også lova endra slik:*

Endring i lova:

*§ 4 – Styret*

*I styret for Leikarringen sit leiar og fire styremedlemmer med inntil to varamedlemmer, 1. og 2. vara. Leiaren vert vald for eitt år. Dei andre i styret vert valde for to år, to og to på annakvart årsmøte. Varamedlemmene står på val kvart år. Styret vel seg imellom nestleiar, kassastyrar, og skrivar. Styret er vedtaksført når fire styremedlemmer er til stades.*

### **Sak 7.2 Endring av styringsføresegn §2 – Lagsfolk**

*Saka vart lagt frem av leiar Torbjørn Lauen.*

*Vedtak: Andre avsnitt i §2 - Lagsfolk blir stroke.*

### **Sak 7.3 Endring av styringsføresegn §15 – Vedtak**

*Fremma av styret*

#### **Bakgrunn:**

I samband med endringane i kontingentsatsane foreslår styret å endre praksis kring kontingentinnkreving på hausten. I dag får dei som melder seg inn etter 1. september hausten gratis. Etter endringane i hovudlaget har kontingenten til hovudlaget blitt halvert etter 1. juli. Det har difor oppstått ein mellomkategori for medlemmar som melder seg inn mellom 1. juli og 1. september. Det er difor eit ønskje frå både kontoret og styret å forenkle dagens system og å redusere kontingentkategoriane å halde styr på.

Leikarringen si styringsføresegn, vedtatt 02.03.21, seier:

#### *§ 15 – Vedtak*

- 1. Årsmøtet fastset årspengane i Leikarringen. Dei som melder seg inn etter 1. september, får hausten gratis og får fyrst faktura i januar året etter.*

Framlegg til endring i lova:

#### *§ 15 – Vedtak*

- 2. Årsmøtet fastset årspengane i Leikarringen. Dei som melder seg inn etter 1. juli betalar berre kontingent til hovudlaget.*

*Vedtak: Andre setning i §15.1 blir endra til: Dei som melder seg inn etter 1. juli betalar berre kontingent til hovudlaget.*

### **SAK 8 – VAL**

Valet vart gjennomført med dette resultatet:

#### **Styret i Leikarringen:**

- Leiar: Torbjørn Bergwitz Lauen (1 år, attval)  
Styremedlem: Simon Hesselberg Løvald (ikkje på val)  
Styremedlem: Herborg Oma (ikkje på val)  
Styremedlem: Tone Ingvaldsen (2 år, opprykk frå vara)  
Styremedlem: Elise Birgitte Haugsten Thomassen (2 år, ny)  
1. vara: Elias Vinje (1 år, ny)  
2. vara: Synnøve Bryde (1 år, ny)

#### **Bunadnemnda (Valt for eitt år):**

Anne-Cathrine Johansen

Sigrid Kjøbli  
Åse Holen

**Rådet:**

Valgt inn i Rådet: Anbjørg Myhra Bergwitz, Hallvard Øfstaas, Solveig Brekke  
Hauknes.

I 2022 blei Rune Bjerke og Audun Grüner-Hegge valt for 2 år, og er difor ikkje på  
val i år.

**Valnemnda:**

Anbjørg Myhra Bergwitz (1 år, attval)  
Rita Sirirud Vatnehol (1 år, attval)  
Hallvard Øfstaas (1 år, ny)

  
Anne Cathrine Johansen

  
Nikolai Storevik